

Vira er gammal no,
 og for kvar dag som går,
 er det som livet sakte svinn frå ho.
 Ein dag pakkar Kalan sekken
 for dei begge og tar Vira med
 ut i skogen slik dei gjorde
 då ho var yngre.
 Dei syng med fuglane,
 dei helsar på alle dyra,
 og steg for steg følgjer dei
 ein liten bekk langt inn i skogen.

«Vi må heim att snart», seier Vira.
 Ho set seg på ein stein og kviler.
 «Eg orkar ikkje gå lenger no.»
 «Berre litt til!», seier Kalan.
 «Vi er der snart.»
 «Kvar skal vi?» spør ho
 og ser undrande på han.
 Kalan berre smiler lur.

Der bekken begynner,
 finn dei ei lita kjelde.
 «Hugsar du sist vi var her?»
 spør Kalan.
 Vira ser lenge på han.
 Ho nikkar sakte,
 som om minnet er langt borte.
 Så set ho seg på kne
 og ser ned i vatnet.

Ei jente på Kalans alder
 smiler mot ho frå spegelbildet.
 Vira dyppar hendene i vatnet
 og drik.

For kvar slurk blir kroppen lettare
 og tankane klarare.
 Snart tar ho Kalan i handa og
 spring ut i skogen igjen.



Ferdafølge

AV ASBJØRN RYDLAND

ILLUSTRASJON: Johanne Eikå Bergill
 FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen

© Nynorsksenteret 2019

Kalan og Vira er bestevenner.
 Dei kom hit samtidig,
 og dei fleste i nabolaget
 trur Vira er bestemora hans.
 Det kan dei godt tru.
 Ho verkar gammal nok til det,
 trass alt.

Nokre seier at ho er ei heks,
 men Kalan bryr seg ikkje om det.
 Ho er den snillaste personen
 Kalan veit om.